

# Miljøsamling 10-12 desember Ål Skisenter

Sogn og Fjordane Skikrins Alpint inviterer til open miljøsamling på Ål 10-12. desember 2021. Samlinga er for alle skiglade gutar og jenter i alderen 7 til 16 år.

SFSK Alpint ønskjer å rekruttere fleire unge skientusiastar til alpinmiljøet og no kan du bli med på samling enten om du vil betre skiferdigheitene dine eller berre tjuvstarte skisesongen. Skikjøring på samlinga vil vere lagt opp i 2 grupper. Ei gruppe for dei som ønskjer å køyre løype, og ei open gruppe for dei som berre vil køyre fritt og kose seg i bakken. Det vil vere tilgjengeleg instruktør også for den opne gruppa, men det er ikkje noko krav. Uansett blir det tre sosiale og kjekke dagar i bakken.

**Program:** Kjem når det nærmar seg.

**Utstyr:** Dei skia du har!

Treng du låne ski/ anna utstyr så fiksar vi det.

**Overnatting:** Actif Hotell Ål

Hotellet ligg rett ved bakken og er godt egna til skisamlingar. Her blir det felles måltid og sosialt samvær. På hotellet er det inkludert frukost med niste, 2 retters middag frå buffet, og sengeklede.

**Prisen** er kr. 640,- pr. døgn pr. person.

**Treningsavgift:** kr. 200,- pr dag.

Heiskort og transport ordnar ein sjølv.

**Påmelding innan 26. november:** <https://forms.office.com/r/rfcqXv3Lh8>

Dette blir ei fantastisk helg full av skiglede og gode opplevingar.

Vi vil ha med nettopp deg og tips gjerne ein venn!